

Skjemainformasjon

Skjema	Søknadskjema ABM-utvikling (nynorsk)
Referanse	291797
Innsendt	15.10.2009 01:46:16

Opplysningar om søkjar

Søkjar	
Namn på organisasjonen	Evju Bygdetun Sauherad
Leiar for institusjonen	Ingeborg Jorid Vale
Postadresse	Nesvegen 2
Postnummer / Poststad	3810 Gvarv
Tlf. til organisasjonen	35955708
Kontaktperson for prosjektet	Ingeborg Jorid Vale
Tlf. til kontaktperson	93209355
E-post til kontaktperson	jorid.vale@c2i.net
Nettstad	http://www.evjutunet.no
Org. Nr	969414805

Opplysningar om prosjektet

Prosjekt
Søknaden gjeld Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling

- prøver ut nye former for kommunikasjon og formidling i eit abm-perspektiv
- skaper attraktive fysiske og digitale møteplassar og gjerne kombinerer desse
- vektlegg dialog, brukarmedverknad og sosiale teknologiar
- stiller spørsmål og sporar til debatt
- legg til rette for kulturmøte

Tittel på prosjektet Sauherad - frå buplass og tingstad til internett.

Samandrag av prosjektet

Sauherad kommune ligg midt i Telemark som sentrum i det gamle Grenland rundt Norsjø. Tinghaug var samlingsplass for rettsutviklinga i heile området frå omlag 500 f.Kr. Tidleg jordbruk og fruktdyrking er og har vore det viktigaste næringsgrunnlaget og har saman med ferdseleårene gjennom kommunen skapt grunnlaget for dagens samfunn. Målet med prosjektet er å skape ein levande og framtidsretta møteplass i nåtida, på grunnlag av ei rik historisk fortid, for å styrke lokal identitet og sjølvkjensle.

Prosjektomtale

Evju Bygdetun Sauherad er eit levande gardsbruk med dyr og jord i drift, 16 verneverdige hus frå 1700 - 1900 talet og museale samlingar som fortel om gardshistoria i området og skapargleda i bondekulturen. Garden blei testamentert til bygdetun av lærar Jon Evju i 1975 med ynskje om å gjera historia levande gjennom aktiv kulturformidling og forvaltning av kulturlandskapet. Evju Bygdetun har gjennom meir enn 30 år utvikla seg til ein sentral kulturinstitusjon i Telemark med eit aktivt dugnadsmiljø med mange pensjonistar og samarbeidspartnarar i bygda. Sauherad lokalhistoriske arkiv er ein naturleg samarbeidspartner der bygdetunet har representantar i styret.

Evju Bygdetun er også sentral aktør i Den kulturelle skulesekken lokalt, med faste undervisningsopplegg for 2. 4. 6. og 8. klassetrinn. Nettsidene våre er nå under omarbeiding for å kunne møte stadig nye brukargrupper i alle alderar.

Prosjektet vil aktivere tradisjonsbærarar i bygda og skape ny interesse for lokale kulturminner gjennom kartlegging og registrering på internett. Alle kulturminner har si historie som gjev det verdi. Denne vil vi få fram og ta vare på gjennom aktivt bruk. Vi vil skape møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling mellom eldre og unge. Første prosjektår vil vi utvikle nettsida for bruk i Den kulturelle skolesekken i samarbeid med Sauherad lokalhistoriske arkiv, Sauherad pensjonistforrening og Sauherad ungdomskole. Vi arbeider fram mot møteplass for seniorlæring og nytt fast undervisningsopplegg for 9. klasser innan Den kulturelle skulesekken hausten 2010. Andre prosjektår vil vi etablere desse fysiske og digitale møteplassane og tilpasse dei for reiseliv og levande kulturformidling i Telemark.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato	01.11.2009
Sluttdato	31.10.2011

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Nettside for bruk i Den kulturelle skolesekken	01.11.2009	01.03.2010
Utvikle undervisningsopplegg DKS	01.01.2010	01.03.2010
Utvikle kurs for seniorlæring	01.01.2010	31.05.2010
Kurs for lærarar	01.03.2010	30.04.2010
Møteplass for seniorlæring	01.08.2010	01.12.2010
Undervisningsopplegg for 9.kl DKS	01.09.2010	01.10.2010
Tilpasse digital møteplass for reiseliv	01.01.2011	01.05.2011
Levande og digital kulturformidling	01.06.2011	31.10.2011

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

Prosjektet vil starte med å få på plass digitalt verktøy og web utvikling samstundes som prosjektgruppa etablerar seg og fordelar oppgåver i utvikling av kurs og undervisningsopplegg. Vi vil gå ut i nærmiljøet gjennom lag og organisasjonar eller media, for å engasjere kontaktpersonar over heile bygda til kartlegging og registrering og vidare kurs i bruk av digitalt verktøy. Utprøving av nytt undervisningsopplegg for alle 9.klasser med tanke for at dette blir eit fast tilbud innan Den kulturelle skulesekken lokalt med overføringsverdi til reiseliv og kulturformidling i Midt-Telemark. Vi er opne for at prosjektet også kan munne ut i ei konkret utstilling på Evju Bygdetun med breid lokal deltaking av unge og eldre gjennom prosessen.

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar?

Ja

Samarbeidspartner 1

Namn

Sauherad lokalhistoriske arkiv

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Hørtevegen 157

Postnr / Poststad

3810 Gvarv

Kontaktperson

Eivind Lønheim

Tlf. til kontaktperson

91348216

E-post til kontaktperson

lonheim@online.no

Rolle

Leiar av prosjektgruppa og representant i Sauherad lokalhistoriske arkiv frå Evju Bygdetun Sauherad.

Samarbeidspartner 2

Namn

Sauherad ungdomskole

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Tinghaugvegen

Postnr / Poststad

3810 Gvarv

Kontaktperson

Thorstein Hoel

Tlf. til kontaktperson

99407149

E-post til kontaktperson

torstein.hoel@sauherad.kommune.no

Rolle

Kulturkontakt og kontaktperson for den kulturelle skolesekken ved Sauherad ungdomskole.

Samarbeidspartner 3

Namn

Sauherad pensjonistforrening

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Nesoddvegen

Postnr / Poststad

3810 Gvarv

Kontaktperson

Jon Åse

Tlf. til kontaktperson

91698158

E-post til kontaktperson

jon.ase@c2i.net

Rolle

Prosjektmedarbeidar og aktiv dugnadsman i bygda og på Evju Bygdetun.

Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Fleirårig

Er prosjektet pågåande? Nei

BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	lønn prosjektleiar	kr 100 000,00
Varer/utstyr	digitale verktøy, materiell	kr 50 000,00
Tjenester kjøpt av andre	web utvikling	kr 50 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	reise og div drift	kr 10 000,00
Totale utgifter		kr 210 000,00

Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 100 000,00</u>
Egeninnsats Evju Bygdetun	Ja	kr 75 000,00
Egeninnsats Lokalhist.arkiv	Ja	kr 25 000,00
DKS Sauherad kommune	Ja	kr 10 000,00
Totale inntekter		kr 210 000,00

Kommentar til budsjett neste år

Egeninnsatsen frå Evju Bygdetun er berekna halvert neste år da prosjektet etter kvart blir ein del av årleg drift.

BUDSJETT FOR HELE PROSJEKTPERIODEN

Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	lønn prosjektleiar	kr 150 000,00
Varer/utstyr	digitale verktøy, materiell	kr 60 000,00
Tjenester kjøpt av andre	web utvikling	kr 80 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	reise og div drift	kr 20 000,00
Totale utgifter		kr 310 000,00

Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 150 000,00</u>
Egeninnsats Evju Bygdetun	Ja	kr 100 000,00
Egeninnsats Lokalhist arkiv	Ja	kr 35 000,00
DKS Sauherad kommune	Ja	kr 25 000,00
Totale inntekter		kr 310 000,00

Kommentar til hele prosjektperioden

Dei tre samarbeidspartnarane har erfaringar frå tidlegare prosjekt med stor egeninnsats og evne til å gjennomføre. Med støtte frå ABM-utvikling vil prosjektet gje unge og eldre deltakarar ny kunnskap og digitale verktøy med overføringsverdi.

Vedlegg

Ingen vedlegg lasta opp